



## Møtereferat fra uke 01, 05.01.2022

Årets første møte måtte holdes som nettmøte, koronaen har fortsatt feste i befolkningen, noe som fortsatt gir møtrestriksjoner. 19-20 personer var påkoblet.

Det var ingen bursdager å markere og ingen innspill til Tigris.

Tor ga oss noen historiske hendelser fra denne dato:

- 1769 James Watt fikk patent på dampmaskinen.
- 1813 Statsbankene i Danmark-Norge gikk bankerott. Sølvskatten innført.
- 1919 Nazi Arbeiterpartei ble stiftet.

To Rotarysaker ble nevnt:

- 1 - I forbindelse med sendingen til Litauen har Distrikt 2290 fått tilsendt seks store kaker. LRK er en av seks klubber som har fått tildelt en. Det ble konkludert med at kaken, som har lang holdbarhet, blir oppbevart hos Tor til den kan nytes i klubbammenheng.
- 2 - Vi starter året med 27 medlemmer. Hilde Petrikke Østlie har meldt at hun trekker seg ut da det politiske engasjementet hennes krever tiden.

### Egoforedrag

Rolf Theil.

Foredraget ble holdt på nynorsk.

Rolf vart fødd i 1946 på Porsgrunn Lutherske sjukehus. Gjekk på Tveten folkeskole på Eidanger. To gonger i livet har han vore rask, hadde han fått høyre: Fyrste gong då han vart fødd, andre gongen då han gifta seg to og ein halv månad etter at han traff Eli Margrete. Dei gifta seg hjå "fogden" i Porsgrunn i 1971. Sist haust (2021) feira dei gullbrullaup.

Han var ikkje alltid rask, og ga oss nokre døme frå karakterboka frå folkeskolen der det var gjeve kommentarar som synte at lærarane var vél nøgde med guten, men at han var litt sein med arbeida. Det han fortalde i løpet av foredraget, synte at dette var eit lyte som ikkje skulle påverke han negativt etter som åra gjekk.

Han kytte av Eidanger Idrettslag. Der var det eit godt miljø, "alle" var med der.

På gymnaset, ferdig i -65, likte han best å uttrykke seg skriftleg, og aller mest låg hugen til nynorsk og gammalnorsk.



Hydro vart kalla onkel Hydro, alle skulle ha jobb der, men slik gjekk det ikkje for Rolf. Det vart studering i Oslo frå 1966, til å byrje med kinesisk. Men han kom aldri til Kina pga kulturrevolusjonen.

Han hadde sommarjobbar som sjømann i utanriksfart.

Etter kinesisk studie vart det nordsamisk (som har 10 språk). Etter kvart studerte han lingvistikk, eller språkvitskap, som er det norske ordet. Fekk magistergrad i 1970. Seinare vart han professor.

Eli er frå Tromsø. Rolf og Eli bodde dereit par år på tidleg 70-tal. I 1975 flytta dei til Nittedal der dei budde i 38 år.

Framande kulturar og språk interesserer meg mest av alt, fortalde han oss. Han har hatt kona og sonen med på årelange opphald både i USA og Afrika.

Alberta 1977 i eit år. Lingvistikkstudium med psykologi.

1978 fekk han jobb på Universitetet i Oslo.

I 1979 fekk han tilbod om å studere språk i Kamerun, der er det 280 språk. Opphaldet varte i om lag eit år. Rolf likar Afrika godt.

I 1995 til Michigan, var der om lag eit år. Der hadde han ei spesiell oppleving saman med urfolket (indianarane).

For øvrig nemde han ei lang rekke land der han har fått både studere og utvikle/lage skriftspråket i landet. Han har gode minner frå mange reiser rundt om i verda og har vener alle stader han har vore.

I juni 2001 vart han Rotarymedlem i Nittedal. Også då synte han at han kunne være rask: det tok to veker frå invitasjon til han vart teken opp som medlem. Omdømet hans tykkjest være bra, han har vore president 3 gonger.

Han har no vore pensjonist frå slutten av 2016 etter å ha runda 70 år. Han og Eli vart dregne mot sjøen, og no set dei bae pris på livet i Langesund.

Referent: Perry